

## **VEDTEKTER FOR AUKRA KYRKJEGARD**

Jfr lov av 7.juni 1996 nr. 32 om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd § 21  
Vedtekne av Aukra sokneråd 08.12.1999  
Godkjent av Møre Bispedømeråd 03.02.2000

### **§ 1. KYRKJEGARDSTILHØYRING.**

Avlidne personar i kommunen skal gravleggjast på Aukra kyrkjegard dersom dei ikkje vert gravlagd utanom kommunen.

Dette gjeld også om den avlidne har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Andre, utafør kommunen, kan ikkje få gravplass utan etter særskild løyve frå soknerådet.

### **§ 2. FREDNINGSTID OG FESTETID.**

Fredningstida for urnegraver er 30 år.

Fredningstida for kistegraver er 30 år.

Festetida er 10 år og kan fornyast. Festeavgift: kr 50.- pr år (pr 08.12.1999) vert kravd inn for 10 år om gongen.

### **§ 3. FESTE AV GRAV.**

1. Når kistegrav vert teken i bruk er det høve til å førehandsfeste grav ved sida av.
2. Ved bruk av urnegrav er det ikkje høve til å feste grav ved sida av. (Urnegrav har plass til 4 urner)
3. Når fredningstida er ute, kan gravstaden festast for nye 10 år om gongen. Når det er gått 60 år frå siste gravlegging, kan ikkje feste fornyast utan særskild samtykke frå soknerådet. \*1
4. Gravstaden fell tilbake til kyrkjegarden dersom festet ikkje er fornya innan 12 månader. Festaren skal varslast i god tid før festetida er ute.
5. *Ein* person kan inneha feste. Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå den som har festa grava. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan soknerådet avgjere spørsmålet om gravlegging.
6. Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

### **§ 4. GRAV OG GRAVMINNE.**

1. I forskrifter til gravferdslova (Rundskriv F-5-97) er det i kap II og III gjeve forskrifter om grav, gravlegging og gravminne.
2. Kyrkjegardsarbeidarane vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging.
3. Før gravminne vert oppsett, skal det på grava settast opp eit merke med namnet til den avlidne.
4. På ny festa gravstad vert gravminne plasert i bakkant av grava som er teken i bruk, og vert ståande der for godt.

### **§ 5. PLANTEFELT.**

1. Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet.
2. Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet, eller går ut over plantefeltet. Lause pynteting skal fjernast etter bruk. Pynteting – t d gravlykter – må ikkje plaserast slik at dei er i vegen for drift og vedlikehald av kyrkjegarden. \*2
3. Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein steinkant dersom denne fluktar terrenget rundt. Steinkanten skal være delt. Dersom det ikkje er aktuellt med plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.\*3

### **§ 6. PLANTETILFANG.**

Planter, kransar og liknande bør vere av komposterbart materiale.

### **§ 7. STELL AV GRAV.**

Den som er ansvarlege for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava ein har ansvaret for, eller syte for at det vert gjort. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsåast av den ansvarlege. (Eller av kyrkjegardsarbeidar dersom det vert gjeve beskjed om det.)

### § 8. NÆRINGSVERKSEMD.

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på kyrkjegarden skal ha løyve frå soknerådet. Løyvet kan inndragast dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

### §10. RO OG ORDEN.

Kyrkjegardsfreden må ikkje uroast av leik eller anna støy. Køyring må berre gå føre seg med samtykke frå kyrkjevevje/kyrkjetenar. Avfall skal fjernast og leggest på tilviste plassar. Reiskap som høyrer til på kyrkjegarden skal settast på plass etter bruk. Alle som har graver, pliktar å rette seg etter pålegg frå kyrkjevevje/kyrkjetenar.

### §11. ANSVARSTILHØVE.

Soknerådet er ikkje ansvarleg for skader på graver og gravutstyr ved naturhendingar, hærverk o l. Soknerådet er heller ikkje ansvarleg for skader som skuldast bruk av graveutstyr i nærleiken av grav som skal kastast att, med mindre det er vist aktløyse frå kyrkjegardsarbeidar. Kyrkjegardsarbeidar har høve til å flytte eller legge ned gravminne for å hindre ulukke eller skade under arbeid på kyrkjegarden.

### MERKNADER til vedtektene:

\*1: Samtykke til fornying av gravfeste vert gjeve av kyrkjevevje etter fullmakt frå soknerådet.

\*2: Dersom pynteting, vasar eller gravlykter står slik at dei lett kan bli råka av plenklippar, har ikkje soknerådet erstatningsansvar dersom gjenstandar vert øydelagt.

\*3: Kravet til delt steinkant er sett avdi heile steinplater er mykje meir sårbare for skadar (og om dei må skiftast ut, er dei svært dyre). Jorda i plantefelt vil og søkke saman slik at det lett vert eit ope rom under steinplata. Då kan plata gå i stykker om nokon trakk på den. Dersom nokon likevel vel å legge heil steinplate, vert dette gjort på eige ansvar. Soknerådet har ikkje ansvar for skade på slike platar.



# Vedtekter for Aukra kyrkjegard